



Barn trenger vaksne som bryr seg



BARN TRENG VAKSNE SOM BRYR SEG



Ei mor parkerer bilen på gardsplassen utanfor huset sitt. Ho ser nokre femteklassingar på veg heim frå skulen, der eit av barna blir utestengt og filma. Mora grip inn i situasjonen. Ho roper namnet til eit av nabobarna og spør om det ho har sett.

Mora seier at når ho ser at nokon ikkje blir behandla bra, må ho seie ifrå. Ho spør litt meir om hendinga og utfordrar dei som ekskluderte, til å forklare seg. Jenta som filma, slettar mobilopptaket.

- » Kvifor er det viktig å gripe inn i tilsvarande situasjonar mellom barn som den de såg i denne filmen?
- » Korleis kan ein sjå til at Oliver i denne filmen ikkje blir ytterlegare utsett for mobbing, verken på skulevegen, i fritida eller på skulen, framover i tid?
- » Korleis kan de vareta alle barn i liknande situasjonar som oppstår, utan at nokon føler skam eller blir lei seg av oppførselen dykkar og av kva de seier?
- » Korleis kan de foreldre bidra til at det blir lettare å ta kontakt med kvarandre om de er bekymra for at nokon blir utestengde eller mobba?
- » Korleis få til eit godt samarbeid i foreldregruppa så de torer å bry dykk? Kvifor er dette viktig for alle, også ditt eige barn?

Sjå filmen på reddbarna.no/rollemodeller